



Sogn regionråd

## Møteinnkalling

**Utval:** SOGN REGIONRÅD

**Møtestad:** Kviknes Hotel, Balestrand

**Møtedato:** 04.12.2015

**Tid:** kl 0930

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

### Dagsorden

- 0930 Ordførar Harald N. Offerdal ønskjer velkomen  
Oppmøte  
Godkjenning av innkalling og sakliste  
Godkjenning av protokoll frå møtet 6.11.2015  
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1145 Lunsj
- 1230 Fleire læreplassar i Sogn – innleiing til drøfting  
Sogn regionråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 1315 Utviklingsprosjekt i SIMAS  
Styreleiar Jøril Hovland og direktør Hallvard Thomassen
- 1345 Prosess om tettare samarbeid/samanslåing – informasjon til eigarane i  
Sogneprodukt ved dagleg leiar Ragnhild Fjærestad

Møtet slutt ca kl 1415

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. <b>Tittel</b>
<b>26/15</b>	14/2040-50 <b>Kommunereforma</b>
<b>27/15</b>	15/4044-2 <b>Sognebåten - midlar til utgreiing</b>
<b>28/15</b>	15/3374-4 <b>Partnerskapsavtale for fleire lære plassar i Sogn</b>
<b>29/15</b>	15/3986-2 <b>Regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 - framdriftsplan</b>
<b>30/15</b>	15/4045-1 <b>Tiltaksplan for Sogn regionråd 2016</b>
<b>31/15</b>	15/3987-2 <b>Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd 2016</b>
<b>32/15</b>	15/3140-4 <b>Budsjett 2016 Sogn regionråd</b>
<b>33/15</b>	15/717-9 <b>Orienteringssaker i Sogn regionråd</b>

Sogndal, 23.11 2015

Harald N. Offerdal  
leiar

Karina Nerland  
dagleg leiar

## Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 14/2040

---

Arkiv: 030 &amp;23

**Saksnr.:** Utval  
26/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
04.12.2015

**Sak 26/15**

### **Kommunereforma**

#### **Tilråding:**

Rapporten om aktuelle kommunestrukturalternativ frå Telemarksforsking er god og grundig, og gir kommunane eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing.

Sogn regionråd godkjenner framdriftsplanen slik den ligg føre og ber prosjektgruppa førebu felles informasjon til innbyggjarane og innbyggjarundersøking.

Sogn regionråd tilrår at kommunane startar arbeidet med intensjonsavtale med utgangspunkt i alternativ 2 og andre alternativ som kommunane vedtek.

#### **Vedlegg:**

Utgreiing av aktuelle kommunestrukturalternativ for Sogn regionråd, Telemarksforsking  
Framlegg til framdriftsplan frå prosjektgruppa 12.10.2015

#### **Saksutgreiing:**

##### **Bakgrunn:**

Kommunane i Sogn regionråd gjennomfører ei felles utgreiing som skal gje kommunane eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing med andre kommunar i Sogn. Mandatet for felles utgreiing er politisk vedteke i kommunane og i Sogn regionråd 5.12.2014. Felles utgreiing skal vera eit supplement til kommunane sine prosessar.

Telemarksforsking har gjennomført utgreiinga på oppdrag frå Sogn regionråd. I oppdrag frå regionrådet er seks alternativ utgreidd:

1. Alle kommunane i Sogn regionråd
2. Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal og Aurland
3. Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster og Lærdal
4. Sogndal, Leikanger og Luster
5. Årdal, Lærdal og Aurland
6. Høyanger og Balestrand

Rapporten frå Telemarksforsking var ferdig 15. oktober og er sendt til kommunane. Nokre av kommunane har også andre alternativ dei ønskjer å greia ut, og som kjem i etterkant av denne rapporten.

Kommunal- og moderniseringsministeren sende i slutten av oktober brev nye kommunestyre om det vidare arbeidet med kommunereforma, om oppdraget frå Stortinget og at kommunane må gjera vurderingar ut ifrå eit langsiktig perspektiv.

Rapporten frå Telemarksforsking vart presentert på felles formannskapsmøte 30. oktober, og deltakarane drøfta kommunane si samfunnsutviklarrolle og aktuelle kommunestrukturalternativ. Til møtet gav prosjektgruppa (rådmennene og to tillitsvalde) vurdering av rapporten, innspel om aktuelt alternativ og framlegg til framdriftsplan.

Telemarksforsking vurderer alternativ 4, 5 og 6 som best samsvarer med dei eksisterande bu- og arbeidsmarknadsregionane. Desse alternative inkluderer ikkje Vik. Prosjektgruppe sitt innspel til felles formannskapsmøtet er at kommunane går vidare med alternativ 2. I møtet drøfta kommunane vidare arbeid etter utgreiinga og gav tilbakemelding på alternativ for kommunesamanslåing.

### **Vurdering:**

Framlegg til framdriftsplan frå prosjektgruppa er lagt ved. Det er lagt opp til at kommunestyra handsamar sak om alternativ for kommunesamanslåing og oppnemner representantar til intensjonsavtalearbeidet i november. Arbeidet med intensjonsavtaler bør ta utgangspunkt prosjektgruppa si tilråding om å gå vidare med alternativ 2 og andre alternativ som kommunane gjer vedtak om.

Tilbakemelding i felles formannskapsmøte 30. oktober var at nokre kommunar vil leggja saka fram for kommunestyre i desember (siste dato 17. desember) og ikkje innan 26. november. I så fall må arbeidet med intensjonsavtalane starta i januar. Det kom i felles formannskapsmøte innspel om å utsetja fristen for intensjonsavtale. Ei løysing kan vera å gjennomføra møta (3-4 møte) om intensjonsavtalane i løpet av januar. Om arbeidet med intensjonsavtaler dreg ut i tid, kan dette føra til at det blir for lite tid til arbeidet med innbyggjarinvolvering (informasjon, innbyggjarundersøking, folkemøte mv). Regionrådet kan koordinera og bistå i tilrettelegging for møta om intensjonsavtalearbeidet.

Det er etter arbeidsmøte om intensjonsavtaler lagt opp til ein felles formannskapsdag i februar/mars. Kommunestyra handsamar intensjonsavtalane i mars og vedtek då om dei ønskjer å gå vidare i prosessen eller ikkje. I så fall vil intensjonsavtale og utgreiingsarbeidet danna grunnlag for ei høyring blant innbyggjarane. Etter møtet er det lagt opp til felles innbyggjarundersøkinga i mars 2016. Kommunestyra vedtek høyringsform (t.d. folkerøysting, spørjegransking) og tidspunkt. Aktuelt tidspunkt for høyringa er første halvdel av mai 2016. Etter at høyringa er gjennomført, fattar dei aktuelle kommunane vedtak om framtidig kommunestruktur i juni 2016.

Kvar kommune får kr 100 000 i støtte frå departementet til å gjennomføra innbyggjarhøyringar. Midlane skal dekkja utgifter knytt til informasjon til innbyggjarane, folkemøte, innbyggjarundersøking mv, og skjønsmidlane som er løyvd til regionrådet kan ikkje brukast til å dekkja slike utgifter. Det er lagt opp til at det skal gjennomførast felles innbyggjarundersøking i løpet av mars 2016.

Telemarksforsking har vore prosjektleiar i tida utgreiingsarbeidet har vore i gang. Dagleg leiar har vore kontaktperson. Prosjektansvarleg er leiar i Sogn regionråd. Administrasjonen si

vurdering er at det er behov for prosjektleiar i tida fram til kommunestyrehandsaming i mars 2016. Prosjektgruppa bør til neste møte vurderer å innhenta ekstern prosess- og rådgjevingskompetanse til det vidare arbeidet. Tidsplanen for arbeidet fram til 1.7.2016 er også svært stram. Fylkesmannen har løyvd kr 1 040 000 av skjønsmidlar til utgreiingsarbeidet for Sogn regionråd. Bruk av dei felles midlane til prosjektleiing er i tråd med søknaden og finansieringsplanen. Omfanget av prosjektleiing kan prosjektgruppa vurderer i neste møte.

Det er også viktig at kommunane set av tilstrekkelege ressursar, dette gjeld både politisk og administrative ressursar og særleg knytta til arbeidet med intensjonsavtalane og innbyggjarinvolvering.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland  
 Arkivsak: 15/4044

Arkiv: N30 &amp;31

**Saksnr.:** Utval  
 27/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
 04.12.2015

**Sak** 27/15

### **Sognebåten - midlar til utgreiing**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd set av kr 120 000 av regionale utviklingsmidlar i 2016 til utgreiing av moglege endringar av Sognebåten.

#### **Vedlegg:**

Notat frå Visit Sognefjord på vegne av båtgruppa, 5. november 2015

#### **Saksutgreiing:**

#### **Bakgrunn:**

Notat frå Visit Sognefjord på vegne av båtgruppa vart lagt fram i regionrådsmøte 6.11.2015 som orienteringssak. Rådet ba om at sak om å setja av midlar til ei utgreiing blir handsama i dette møtet.

I 2015 vart det lagt opp til ei innsparing i rutedrifta ved å setja inn eit mindre fartøy på ruta. Med bakgrunn i klager på kapasitet og kvalitet vert det lagt opp til å setja inn større fartøy i 2016.

«Båtgruppa» med representantar får reisemålsselskap, næringa og kommunar er i dialog med aktuelle reiselivsaktørar for å avklara moglegheiter og utfordringar for buk av ruta i reiselivssamanheng.

Notatet skisserer to aktuelle moglegheitsområde som bør utgreiast og følgjande utgreiing for kvart av områda:

- 1) Utviding av sommarruta Bergen-Flåm i perioden april til oktober
  - Estimat av trafikkutvikling frå 2016-2020 for april og oktober
  - Forslag til utvidingsperiode frå 2016-2020 (heil- eller trinnvis utviding)
  - Forslag til finansieringsmodell for ruteutvidinga – private investeringar /risikovilje, behov for offentleg støtte og /eller tilpassing av heilårsruta (endestogg Flåm og større fartøy) som løysing for utviding av sommarruta til Flåm i perioden
- 2) Etablering av Flåm som endestopp for vinterruta november-mars
  - Estimat av trafikkutvikling frå 2016-2020 frå oktober/november til mars/april

- Konsekvensutgreiing for mogleg endring i passasjertrafikken utanom reiselivstrafikken ved endring av endestogg frå Sogndal til Flåm for heilårsruta
- Konsekvensar for rutestruktur og buss-/båtkorrespondanse ved endring av endestogg, med forslag til alternativ

**Vurdering:**

Sognebåten er særst viktig transport- og opplevingsrute både for lokalbefolkninga og reiselivet. Sogn regionråd har heilårs reiseliv som ei av satsingane i regionalplanen og ønskjer å medverka til å utvikla Sogn som heilårs reisemål. Vi har som strategi å samarbeida med næringa og regionale utviklingsaktørar om båtrutetilbodet i Sognefjorden, jf regionalplanen - samferdsle. Medverknad frå Sogn regionråd til ei utgreiing er i tråd med planane og satsingane til regionrådet.

Oppgåvene som skissert over kan løysast med ressursar også frå aktuelle reiselivsaktørar, i tillegg til at vi leiger inn eksternt kompetansemiljø. Innleige blir etter ein anbodsrunde. Administrasjonen rår til at det blir sett av kr 120 000 av regionale utviklingsmidlar for 2016 til utgreiing som skissert i saksframlegget og vedlagde notat.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland  
 Arkivsak: 15/3374

Arkiv: A56 &amp;01

**Saksnr.:** Utval  
 28/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
 04.12.2015

**Sak** 28/15

### **Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn slik den ligg føre.

#### **Vedlegg:**

Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn

#### **Saksutgreiing:**

#### **Bakgrunn:**

Sogn regionråd ønskjer å bidra til at det blir fleire læreplassar i Sogn og har styrka lærlingetilbod som eit av tiltaka i regionalplanen. Lærlingeordninga har vore drøfta i regionrådsmøte, i RUP-/næringsutviklingsgruppa og næringsnettverket i Sogn.

Etter drøftingar i RUP-gruppa er det teke initiativ til ein partnerskapsavtale. Fylkeskommunen, NHO og LO er invitert og ønskjer å vera med.

#### **Vurdering:**

I Sogn er det om lag 100 – 120 ungdommar som har behov for læreplass kvart år. Ikkje alle får læreplass. Det ser ut til at søkjartala til yrkesfag er på veg oppover, sjølv om veksten er svak. Å tilby læreplassar er eit viktig virkemiddel for å skaffa næringsliv og samfunnet nødvendig fagkompetanse i åra framover. I følge SSB kan Noreg kome til å mangle 90 000 fagarbeidarar i 2035. Det er eit paradoks at mange ungdommar ikkje får ein læreplass. Medan elevtalet går ned i Sogn og Fjordane, vil behovet for fagarbeidarar auka i åra som kjem. Det vil bli kamp om arbeidskrafta i åra som kjem. Det er truleg mange verksemder som ikkje har teke dette innover seg.

Fleire læreplassar vil gje auka gjennomføring for elevane. Med god tilgang på læreplassar vil fleire fullføra utdanninga og fråfallet frå vidaregåande opplæring blir redusert. Fullføring av vidaregåande opplæring er eit av dei viktigaste skule- og ungdomspolitiske måla i landet.

Sogn regionråd har som strategi i planen at tilbodet i vidaregåande skule i regionen skal samsvara best mogeleg med det næringsliv, offentlege verksemder, ungdom og utdanningssøkjande etterspør. Kommunane har ansvar for å styrke tilbodet til eigne



innbyggjarar, og bidra til kompetansebygging og rekruttering av arbeidskraft som det er behov for i lokalt og regionalt arbeidsliv.

Fylkeskommunen har ansvar for vidaregåande opplæring for unge og vaksne. NHO og LO vil bidra i samarbeidet med å forankra fagopplæringa i alle relevante bransjar og sektorar, slik at det blir skaffa flest mogleg læreplassar til elevar som ønskjer det.

Sogn regionråd har i dialogen med fylkeskommunen fram til no drøfta aktuelle tiltak for å styrka tilbodet. Som ei oppfølging er temaet drøfta i næringsnettverket i Sogn.

Næringsansvarlege har drøfta aktuelle tiltak og delt erfaringar seg imellom. Av konkrete tiltak for å få fleire lærebedrifter har nokre kommunar /næringssselskap informert bedrifter om lærlingeordninga. Det har også vore informasjonsmøte for foreldre og elevar om studietilbodet fleire stader, nokre har gjort dette kommunevis eller det har vore i regi av vidaregåande skule. Slik får ungdommane informasjon om moglegheitane og breidden i fagområda.

Fokuset for partnerskapen vil vera den viktige samfunnsoppgåve med å få fleire læreplassar og at plassane samsvarer best mogleg med det næringslivet, offentlege verksemdar og ungdommane etterspør. Det handlar om å spele på lag med andre aktørar for å oppnå felles mål.

Sogn regionråd har gode erfaringar med å drive utviklingsarbeid gjennom partnerskapsavtale. Vi har til dømes avtale om psykisk helse frå 2014.

Ein partnerskapsavtale koordinerer og avklarar innsatsen til aktørane, og slik kan avtalen medverka til å setje framdrift i tiltaka. Ved å samordna innsatsen kan nå felles mål om fleire læreplassar. Når fleire elevar gjennomfører utdanninga vil dette sikra betre rekruttering og at arbeidslivet får faglært kompetanse som det er behov for.

## Vedlegg

### Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn

#### Bakgrunn og føremål

Kvar haust er det om lag 100 – 120 ungdommar som har behov for læreplass i Sogn. Fylkeskommunen har ansvar for vidaregåande opplæring og tilbodet for lærlingane. Kommunane har ansvar for å styrke tilbodet til eigne innbyggjarar, og bidra til kompetansebygging og rekruttering av arbeidskraft som det er behov for i lokalt og regionalt arbeidsliv. Både for ungdommane, dei føresette og for bedriftene vil det vere tenleg å avklare læreplass så tidleg som mogleg. Dette vil verke motiverande for mange ungdommar å vite at det står ”klar” ein konkret læreplass. Auka motivasjon vil vi vonleg sjå igjen i auka fullføring av vidaregåande skule, eit av dei viktigaste skule- og ungdomspolitiske måla i landet.

Sogn regionråd vil bidra til at det blir fleire læreplassar i kommunane og i private verksemder. Regionrådet har som strategi at tilbodet i vidaregåande skule i regionen skal samsvara best mogeleg med det næringsliv, offentlege verksemder, ungdom og utdanningssøkjande etterspør. NHO og LO vil bidra i samarbeidet med å forankra fagopplæringa i alle relevante bransjar og sektorar, slik at det blir skaffa flest mogleg læreplassar til elevar som ønskjer det. Fylkeskommunen har ansvar for vidaregåande opplæring for unge og vaksne.

Formålet med å arbeida gjennom partnerskapen er å samordne innsatsen slik at vi får styrka tilbodet om læreplassar i Sogn og får fleire læreplassar i Sogn. Når fleire gjennomfører utdanninga vil dette sikra betre rekruttering og at arbeidslivet får faglært kompetanse som dei har behov for.

#### Avtalepartar

Avtalen er bygd på eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, NHO Sogn og Fjordane, LO Sogn og Fjordane og Sogn regionråd med medlemskommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

#### Tiltak og samarbeidsområde

Dei viktigaste tiltaka og samarbeidsområda vil vera:

- kommunane deltek på samlingar om lærlingeordninga
- temaet blir jamleg sett på dagsorden i regionrådet og i kommunane sine nettverk og samarbeidsfora
- informera bedrifter om lærlingeordninga for å få fleire bedrifter til å ta inn lærlingar
- informera ungdomsskuleelevar om moglegheitene som fag- og yrkesopplæringa gir og bidra til god rekruttering til yrkesfagleg utdanning
- synleggjera behovet for fagarbeidarar og gode yrkeskvalifikasjonar i arbeidslivet
- få fram betre og meir synlege overgangar frå yrkesutdanning til høgare utdanning
- styrka omdømme og bidra til statusheving for yrkesfagleg utdanning
- fylkeskommunen utarbeider tilstandsrapportar og gjennomgangar for å få fram status, utvikling og kva som er behovet i arbeidslivet og vurderer kva tiltak som verkar best

- kommunane arbeider for å innfri kravet om ein lærling pr tusen innbyggjar
- aktivt arbeide for at fleire arbeidstakarar tek fagbrev til dømes gjennom praksiskandidatordninga

### **Organisering av samarbeidet**

Partane etablerer tenleg samarbeidsstruktur. Partane innarbeider avtalen i sine planar og har ein jamleg dialog for å vidareutvikla samarbeidet. Partane sørger for å:

- Sikre politisk/administrativ forankring i eigen kommune/organisasjon
- Informera aktivt i alle relevante ledd i eigen kommune/organisasjon
- Informerer kvarandre gjensidig i høve aktuelle arrangement og møte som gjeld arbeidet med å styrka lærlingeordninga
- Bringe relevante satsingar inn i samarbeidet
- Bidra til å stilla til rådvelde nødvendige ressursar for å kunne gjennomføre planlagde aktivitetar

### **Avtaleperiode og evaluering**

Avtalen gjeld fram til 31.12.2018. Partane evaluerer føremål, tiltak og resultat og eventuelt justerer partnerskapsavtalen i det årlege møte.

NHO Sogn og Fjordane

LO Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn regionråd

Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 15/3986

---

Arkiv: 130

**Saksnr.:** Utval  
29/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
04.12.2015

**Sak** 29/15

## **Regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 - framdriftsplan**

### **Tilråding:**

Sogn regionråd godkjenner framdriftsplanen for regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 slik den ligg føre.

### **Vedlegg:**

Regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 – framdriftsplan

### **Saksutgreiing:**

Regionalplanen med felles mål, strategiar og tiltak er eit verktøy i regionrådet sitt arbeid med å utvikla regionen. Planen blir laga kvart fjerde år. Regionalplanen har fokus på det regionale perspektivet og felles satsingar, og skisserer dei viktigaste satsingsområda som kommunane vil samarbeida om og løysa i lag i perioden. Gjeldande regionalplan er for 2013-2016, og arbeidet med ny regionalplan for 2017-2020 bør byrja i løpet av 2016.

Sak om evaluering av gjeldande regionalplan vart handsama i førre møtet. I førre planprosess hadde vi fokus på involvering blant folkevalde og inviterte med eksterne aktørar. Bakgrunnen for å involvera breitt var å få sterkare eigarskap og forankring i kommunane. For å styrka rådet si rolle som regional utviklingsaktør var vurderinga at rådet bør vera gode på prosess, og slik kan dette gje betre gjennomføringsevne for tiltaka. Regionrådet og kommunane bør drøfta erfaringane frå planprosessen som vart gjennomført for gjeldande plan. Vurderingane vil vera grunnlag for korleis regionrådet vil gjennomføra planprosessen for neste plan 2017-2020.

### **Vurdering:**

Framdriftsplanen (vedlagd) legg opp til at regionrådet startar førebuingar til planarbeidet på nyåret og med felles formannskapsdag i september 2016. Planen skal mellom anna på høyring til kommunane på slutten av 2016. Dette inneber at regionalplanen ikkje vil vera ferdig før april 2017. Planen burde helst blitt ferdig til desember 2016. Alternativet er å leggja felles formannskapsmøte til mai-juni 2016, med høyring til kommunane på hausten, og vedtak i regionrådet i desember. Grunna arbeidet med kommunereforma våren 2016 kan det vera ein fordel å utsetja oppstart av planarbeidet. Det vert elles vist til vedlagde framdriftsplan.

Tiltaksplanen for 2017 vil bli handsama parallelt med regionalplanen, men vil ikkje bli sendt på høyring til kommunane. Den årlege samarbeidsavtalen med fylkeskommunen vil bli forskyvd tilsvarande og vil bli handsama mars/april 2017.

## Vedlegg

### Regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 - framdriftsplan

#### Innleiing

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for ni medlemskommunar i indre og midtre Sogn. Rådet skal vera ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikla rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen. Sogn regionråd skal også fungere som base for definerte prosjekt og vidare ha som mål å samordna og forenkla oppgåver for eigarane. Regionalplanen blir laga kvart fjerde år. Planen skisserer dei viktigaste satsingsområda som kommunane vil samarbeida om dei neste fire åra.

Regionalplan har fokus på det regionale perspektivet og felles satsingar. Regionalplanen består av ein strategisk del og ein tiltaksdel. Regionalplanen skisserer utfordringar og moglegheiter for regionen, prioriterer felles mål, satsingsområde og strategiar for fireårsperioden. I gjeldande plan er det tre satsingsområde: 1) Næringsutvikling, 2) Samferdsle og 3) Helse. Tiltaksdelen blir rullert kvart år i perioden.

#### Kunnskapsgrunnlag

Regionrådet bør vurderer å få utarbeidd ein regional analyse av ein forskingsinstitusjon som skisserer regionale utviklingstrekk for befolkning og arbeidsplassar og aktuelle scenarier. Ein analyse vil gje deltakarane innsikt i korleis dei sjølve kan påverka utviklinga, og slik gje grunnlag for arbeidet med regionalplanen.

#### Formål

- styrka næringsutvikling
- auka folketal

#### Resultatmål

Arbeidet med regionalplanen skal sikra medvirkning, eigarskap og forankring i kommunane.

#### Deltakarar i planarbeidet

Deltakarar i arbeidet er ordførarane, formannskapsmedlemmane, rådmennene og næringssefane /næringssekskapa.

Samarbeidspartar og eksterne aktørar som er aktuelle å invitera til fellesmøte og høyringa er mellom anna fylkeskommunen, Høgskulen, Distriktssenteret og NHO.

#### Organisering

Sogn regionråd er eigar av planprosessen. Planarbeidet krev ingen mellombels organisering innanfor den ordinære organiseringa.

Sogn regionråd tek stilling til framdriftsplanen med opplegg for fellesmøte/arbeidsmøte, framdrift og korleis gjennomføre høyringa. Sogn regionråd er styringsgruppe og tek stilling til framdrifts- og prosessplan, tilrår regionalplanen til kommunane og vedtek planen etter høyringa. Sogn regionråd vedtek tiltaksplanane.

Arbeidsgruppa for regionalplanarbeidet (RUP-/næringsutviklingsgruppa), samansett av fire ordførarar, følgjer opp regionalplanen mellom anna med å utarbeida framlegg til regionalplan. RUP-gruppa førebur den årlege rulleringa av tiltaksplanen før handsaminga i rådet.

Dagleg leiar har ansvaret for at regionalplanarbeidet vert gjennomført i samsvar med prosessplanen, og har ansvar for at framdrift i prosessen vert ivareteken og er sekretær for regionalplangruppa. Det er aktuelt å leiga inn ekstern prosessleiar til arbeidsmøte. Høgskulen kan vera aktuell for ev. rådgjeving. Det er aktuelt å utfordra deltakarane i felles formannskapsmøte (politikarar, nærings sjef og samarbeidsaktørar) til å møtest igjen i arbeidsgruppene for drøfting, prioritering og konkretisering i høve planarbeidet.

### Proessen

Planen er ikkje ein plan etter plan- og bygningslova, men er rådet sitt verktøy for arbeidet med regional utvikling. Kommunane har ulike behov og utfordringar og skal samla seg om felles løysingar. Regionrådet si rolle er å vera regional utviklingsaktør og då bør rådet vera gode på prosess. I arbeidet med regionalplanen er hovudutfordringa å få til eigarforhold og forankring i kommunane. Felles formannskapsmøte vil bidra til sterkare eigarskap til planen.

Etter at planframlegget er handsama i Sogn regionråd, blir planen sendt på høyring til kommunestyra for tilslutting og ev. innspel. Dette vil bidra til å styrka forankringa til regionalplanen. Samarbeidspartar og andre aktørar kan også få høve til å gje innspel.

### Milepælar

Periode/ tidsfrist	Aktivitet
4. desember 2015	Sogn regionråd tek stilling til framdrifts- og prosessplan
Januar og februar 2016	Formannskapa drøftar og evaluerer regionalplan 2013-2016, jf dokument handsama i Sogn regionråd 6.11.2015
10. februar 2016	Sogn regionråd vurderer om det skal gjerast ein regional analyse for Sogn og om det skal setjast av midlar til arbeidet
Juni-august 2016	Kvart formannskap drøftar utfordringar og moglegheiter i forkant av fellesmøte
Medio september 2016	Arbeidsmøte med formannskapa, rådmenn, næringsansvarlege og eksterne aktørar Føredrag og arbeidsverkstad
Oktober 2016	Vidare arbeid i gruppene med tema frå arbeidsmøtet
Oktober-november 2016	Oppsummering, kategorisering av mål, strategiar og satsingsområde og planframlegg
9. desember 2016	Sogn regionråd vedtek å senda planframlegget (strategidelen) på høyring
Januar–februar 2017	Kommunestyra og eksterne aktørar handsamar planframlegget (strategidelen)
April 2017	Sogn regionråd vedtek <ul style="list-style-type: none"> <li>- regionalplanen 2017-2020 (strategidel)</li> <li>- tiltaksplanen for 2017</li> </ul>

## Framdriftsplan

Delmål/fasar Kvifor?	Aktivitet Kva?	Arbeidsmetode Korleis?	Aktørar Kven?	Tidsrom Når?
Avklara framdriftsplanen	Drøfta og ta stilling til framdrifts- og prosessplan	Drøfting på bakgrunn av forslag frå administrasjonen	Sogn regionråd	4. desember 2015
Evaluera regionalplan 2013-2016	Formannskapa drøftar med utgangspunkt i notatet «Evaluering av regionalplan for Sogn regionråd» (jf møtet 6.11.2015): Kva har vi vore gode på? Kvifor? Kva kan vi bli betre på? Korleis?	Drøfting og tilbakemelding til Sogn regionråd	Formannskapa	Januar – februar 2016
Kunnskapsgrunnlag til deltakarane i forkant av felles arbeidsmøte.	1) Regional analyse over utviklingstrekk frå forskingsinstitusjon 2) Kronikkar av forskings-, kompetansemiljø og næringsorganisasjon	Drøfta behovet for analyse – setje av midlar. Vurdera aktørar til kronikkar	Sogn regionråd  RUP-gruppa/ dagleg leiar	Februar – august 2016
Formannskapa førebur seg til fellesmøtet	Drøfta utfordringar og moglegheiter i forkant av felles formannskapsmøte. Kva satsingar bør rådet prioritera?	Drøfting	Formannskapa	Juni – august 2016
Forarbeid til arbeidsmøte/ stormøte	Program og innhald til arbeidsmøte	Vurdera tema/innleiarar og førebu oppgåver til gruppearbeid	RUP-gruppa/dagleg leiar	April-juni 2016
Felles formannskapsmøte	Innleiingar og gruppearbeid	Førelsesning og arbeidsverkstad	Formannskapsmedlemmar, rådmenn, næringsjefar og eksterne aktørar	Medio september
Arbeidsgruppene møtest etter fellesmøtet	Arbeida vidare med å formulera mål, strategiar og tiltak	Notater frå møta/oppsummering etter møta	Deltakarane frå arbeidsmøte	Oktober
Etterarbeid: Kategorisering	Samanfatta /kategorisera: mål, strategiar, satsingsområde.	Gruppera innspela	Dagleg leiar	Oktober-november

Etterarbeid: Regionalplanutkast	Arbeide med og diskutera regionalplanutkast. Prioritering i høve følgjande kriterium: - kva område som sterkast bidreg til å nå føremålet til Sogn regionråd - kva regionrådet har virkemiddel på - kva område regionrådet kan påverka mest.	Planutkast	RUP-gruppa	November
Planframlegg	Handsaming av planframlegget	RUP-gruppa kjem med tilråding til rådet	Sogn regionråd	Møte 9. desember
Høyring av planframlegget	Handsaming av framlegg til regionalplan for 2017-2020	Planframlegget blir handsama i kommunestyra	Kommunane og eksterne aktørar	Desember 2016- februar 2017
Regionalplanen og tiltaksplan blir vedteken	Handsaming av regionalplanen 2017-2020 etter høyringa. Handsaming av tiltaksplanen 2017	RUP-gruppa vurderer innspela og kjem med tilråding etter høyringsrunden	Sogn regionråd	April 2017



Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 15/4045

---

Arkiv: 130

**Saksnr.:** Utval  
30/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
04.12.2015

**Sak** 30/15

### **Tiltaksplan for Sogn regionråd 2016**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek tiltaksplan for 2016 slik den ligg føre.

#### **Vedlegg:**

Tiltaksplan for 2016 - framlegg

#### **Saksutgreiing:**

Regionalplanen med felles mål, strategiar og tiltak er eit verktøy i rådet sitt arbeid med å utvikla regionen.

I arbeidet med gjeldande regionalplan 2013-2016 hadde Sogn regionråd ein omfattande prosess og brei deltaking frå kommunane (formannskap, rådmenn, næringsansvarlege) og eksterne aktørar. Hovudmålet for Sogn regionråd sitt arbeid er auka folketal og styrka næringsutvikling. Planen består av ein strategisk del og ein tiltaksdel. Det er tre satsingsområde i regionalplanen: næringsutvikling, samferdsle og helse. For å sjå samanhengen mellom tiltaka og mål og strategiar er mål og strategiar også teke med i tiltaksplanen.

Fleire av tiltaka er vidareføring frå førre plan: aktiv rolle i høve å styrka regionen sine interesser innan samferdsle, arbeidet med kommunereforma, entreprenørskapstiltak i regi av det regionale samarbeidet om skuleutvikling og medverka til felles reiselivssatsing i Sogn. Nye tiltak er mellom anna å medverka i partnerskapen for fleire læreplassar og regionalt strategiarbeid for bustadutvikling. Det vil i tillegg til tiltaka i tiltaksplanen vera andre saker som rådet kan prioritera i 2016.

Etter handsaminga i regionrådet bør tiltaksplanen leggjast fram som orienteringssak for kommunestyra/formannskapa slik at folkevalde blir gjort kjende med planen.

Sogn regionråd

---

Saksh.: Karina Nerland  
Arkivsak: 15/3987

---

Arkiv: 026 &amp;01

**Saksnr.: Utval**  
31/15 Sogn regionråd

**Møtedato**  
04.12.2015

**Sak 31/15**

**Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd 2016**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2016 slik den ligg føre.

**Vedlegg:**

Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd - framlegg

**Saksutgreiing:**

Sogn regionråd har dei siste åra inngått samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune om gjennomføring og finansiering av regionale utviklingsprosjekt.


Hovudutval for plan og næring løyver årleg midlar til regionråda. Løyvinga er på kr 550 000 til kvart regionråd.

Fylkeskommunen ønskjer at avtalane skal vera eit verktøy for å styra dei regionale utviklingsmidlane inn mot å nå prioriterte mål for fylket. Samstundes ønskjer dei at kommunane får større styring med regionale utviklingsmidlar.

**Vurdering:**

Våre tre satsingsområde i regionalplanen er næringsutvikling, samferdsle og helse. Etter administrasjonen si vurdering samanfallar regionrådet sine strategiar og tiltak med fylkeskommunen sine prioriteringar for regional utvikling. Samarbeidsavtale peikar ut satsingsområde og tiltak som partane forpliktar seg til å gjennomføra og finansiera i løpet av 2016.

Fylkeskommunen har godkjent vedlagde framlegg til avtale.

**Vedlegg**

**Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd**

**Gjennomføring av regionalt utviklingsprogram for 2016**

**1. Mål**

Denne avtalen regulerer samarbeidet mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd på vegne av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Avtalen samordnar planlegging, strategiar, tiltak og gjennomføring av eit regionalt utviklingsprogram for perioden 2016.

Innanfor ramma til Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2013-2017 og regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016, skal samarbeidsavtalen peike ut satsingsområde og tiltak i regionen. Sogn regionråd skal bidra til å nå felles mål i gjeldande regionale planar. Dei mest aktuelle regionale planane er verdiskapingsplanen, regional transportplan og regional plan for folkehelse.

Kommunane har gjennom regionalplanen for Sogn regionråd definert satsingsområde, mål og strategiar som skal vere grunnlaget for samarbeid i regionen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd forpliktar seg til å samarbeide om gjennomføring og finansiering av konkrete program og tiltak slik det går fram av denne avtalen.

**2. Prosess**

Sogn regionråd har vedteke strategiplan for perioden 2013 – 2016 (del 1) og tiltaksplan for 2016 (del 2).

Kommunane i Sogn regionråd har felles mål og strategiar for det regionale utviklingsarbeidet. Sogn regionråd vil arbeida vidare med utvikling av partnerskap for regional utvikling i samsvar med dei tre satsingsområda i regionalplanen for 2013-2016: 1) næringsutvikling, 2) samferdsle og 3) helse.

Begge partar kan ta initiativ til å etablere nye prosjekt og definere nye felles satsingsområde.

**3. Innhald i avtalen for 2016**

Hovudmåla for Sogn regionråd er auka folketal og styrka næringsutvikling for regionen. Sogn regionråd sine felles mål, strategiar og tiltak skal vera grunnlaget for samarbeidet om ei god nærings- og samfunnsutvikling i regionen.

Strategiar og prioriterte tiltak vil bli gjennomført i samsvar med Sogn regionråd sin tiltaksplan for 2016, jf vedlegg, vert oppsummert slik:

- Byggja nettverk og samhandlingsarenaer, styrka samarbeid med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar

- Skapa oppslutnad om felles regionale utviklingsprosessar og fremja samarbeid på tvers av kommunegrensar
- Forum for nye og etablerte bedriftsskaparar
- Invitera aktørar til å orientera om aktuelle private og offentlege finanseringskjelder for bedriftsetableringar
- Vidareutvikla det regionale barnehage- og skulesamarbeidet: vidare satsing på entreprenørskap i skulen med entreprenørskapsmesser og kompetanseheving for lærarar
- Styrka tilbodet for læreplassar i kommunale og private verksemder. Det vert vist til partnarskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn.
- Rekruttera arbeidskraft til regionen
- Arbeida for meir variert bustadmarknad. Det vil bli laga regionale bustadstrategiar for Sogn der kommunane, Distriktssenteret, Husbanken, Sogn og Fjordane fylkeskommune, ev fylkesmannen og Sogn regionråd deltek.
- Utvikla statlege og fylkeskommunale verksemder og støtte opp om vidare teknologiutvikling i industrien
- Utvikla Sogn som heilårsreisemål og bidra til den felles reiselivssatsinga i Sogn
